

Til Modalen kommune

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR VEDKOMANDE KOMPENSASJONSMELDING FOR MEIRVERDIAVGIFT

### Konklusjon

Vi har revidert Modalen kommune si kompensasjonsmelding for meirverdiavgift for 1. termin 2023, som viser eit kompensasjonskrav på kr 798 548. Oppstillinga er utarbeidd av leiinga på bakgrunn av lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner og tilhøyrande forskrift.

Etter vår meining er Modalen kommune omfatta av kompensasjonsordninga, og det oppgitte beløpet gir rett til kompensasjon etter lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner og tilhøyrande forskrift.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av kompensasjonsmelding for meirverdiavgift*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i lovar og forskrifter i Noreg, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Leiinga sitt ansvar for oppstillinga

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide kompensasjonsmelding for meirverdiavgift i samsvar med lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner, og tilhøyrande forskrift, og for slik intern kontroll som leiinga finn naudsynt for å kunne utarbeide oppstillinga som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av kompensasjonsmelding for meirverdiavgift

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at kompensasjonsmeldinga totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar på grunnlag av kompensasjonsmeldinga.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i kompensasjonsmelding for meirverdiavgift, anten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.

Vi kommuniserer med leiinga mellom anna om det planlagde innhaldet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i intern kontroll som vi avdekker i løpet av revisjonen.

### **Avgrensa distribusjon**

Skattemelding for meirverdiavgiftskompensasjon er utarbeidd for å hjelpe einingar som har rett på kompensasjon med å oppfylle Skatteetaten sine krav. Som eit resultat av dette er ikkje kompensasjonsmeldinga nødvendigvis egna til andre formål. Vår uttale er berre tenkt til Modalen kommune og Skatteetaten.

Isdalstø, 11.04.23

Janne Eraker  
Revisjonssjef/Statsautorisert revisor  
(elektronisk signert)

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Janne Eraker

### Partner

Serienummer: 9578-5995-4-105767

IP: 85.200.xxx.xxx

2023-04-11 07:28:00 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

#### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <[penneo@penneo.com](mailto:penneo@penneo.com)>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>